



Høgskolen i Nord-Trøndelag

Avdeling for lærerutdanning

Jobbnorge-ID: 117707

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiatstilling i sørsamisk historie og kulturkunnskap

Ved Høgskolen i Nord-Trøndelag, Avdeling for lærerutdanning er det frå 01.01.2016 ledig stilling som doktorgradsstipendiat knytt til feltet sørsamisk historie og kulturkunnskap.

Stipendiatstillinga er ein del av HiNTs satsing på utvikling av kompetanse på området sørsamisk kultur og samfunnsliv, og det er ein fordel om forskingsarbeidet kan knytast til pågåande forskingsarbeid ved avdelinga. Den som blir tilsett vil bli ein del av miljøet i forskingsprosjektet «Historical and Political Negotiations of South Saami Culture and Identity» som blir sett i gang ved HiNT i 2016. Dette prosjektet skal leiast av ei prosjektgruppe frå Avdeling for Lærerutdanning.

Stipendiatstillinga er 4-årig, der 75% av stillinga skal nyttast til ph.d.-studier og doktorgradsarbeidet. 25% av stillinga skal nyttast til undervisning ved avdelinga.

Arbeidsstad er Avdeling for lærerutdanning på Røstad, Levanger. Det er ein føresetnad at stipendiaten er til stades og deltar aktivt i fagmiljøet på avdelinga.

Kvalifikasjonskrav

- Relevant mastergrad/hovudfag i relevant fagområde og med godt resultat (gjennomsnittskarakter B eller betre)
- God framstillingsevne på norsk eller skandinavisk språk og engelsk; munnleg og skriftleg

Krav til søknaden:

Søkar må legge ved ei projektskisse på 5-10 sider. Projektskissa må innehalde problemstillingar, relevant teori, aktuell metode og framdriftsplan for prosjektet. Kvaliteten på prosjektbeskrivinga må vere slik at ho kan danne grunnlag for opptak på et PhD-program ved ein akkreditert institusjon. Det er ein føresetnad at den einskilde søkar gjer seg kjent med kriteria for opptak ved aktuell institusjon i forkant av tilsetting. Det må gå fram av søknaden kva rettlegiarar stipendiaten skal ha.

Ved vurdering av søkerane blir det lagt vekt på:

- Kvalitet på projektskissa: innovativ klar og relevant problemstilling
- Om metode og teori er avpassa problemstillinga
- Ambisjonsnivået til prosjektet og om det er mogleg å gjennomføre innan tidsramma
- Relevans for fagområdets utviklingsstrategi
- Erfaring frå undervisning og rettleiing
- Grunngeving og motivasjon for prosjektet slik det kjem fram i søknad og intervju
- Dokumentert kompetanse til å formidle og popularisere egne funn og relevant forskning til et breitt publikum
- Om søkar er personlig skikka for stillinga, og evne til å gjennomføre doktorgradsutdanninga

Andre opplysninger:

Det er ein føresetnad at stipendiaten er aktivt med i fagmiljøet på avdelinga, i organisert forskarutdanning gjennom NAFOL (Nasjonal forskerskole for lærerutdanning) og er tilgjengeleg ved høgskulen for faglege spørsmål frå næringsliv og skuleverk. Høgskolen legg vekt på at stipendiaten blir sikra god rettleiing i stipendiatperioden. HiNT vil medverke til at ein tilsett ved HiNT kan være bi-rettlegiar.

Opptak til doktorgradsprogram er eit vilkår for tiltreding i stilling som stipendiat. Endeleg plan for forskarutdanning skal vere godkjent og avtalefesta seinast tre månader etter tiltreding (Sjå forskrift nr 102 om vilkår for tilsetting av stipendiatar). Tilsetting skjer på grunnlag av innstilling frå dekan. Innstillinga bygger på sakkunnig vurdering frå eit utval oppnemnt av HiNT, intervju og eventuell prøveforelesing eller andre prøver.

Vi tilbyr:

- Kreativt og kollegialt arbeidsmiljø med høg fagleg kompetanse
- Ein utviklingsorientert og fagleg mangfaldig organisasjon
- Fleksibel arbeidstid
- IA-bedrift

Stillinga er plassert i lønnsplan 17.515, kode 1017 stipendiat, ltr. 50-62. Frå løna vert det trekt 2 % lovfesta innskot i Statens pensjonskasse. Elles gjeld dei vilkåra som til ei kvar tid er fastsett i lover, forskrifter og avtaler for tilsette ved dei statlege høgskulane.

Kontaktpersoner:

- Studieleiar Åshild Karevold, tlf. 74 02 26 78 ashild.karevold@hint.no
- Fyrsteamanuensis Trond Risto Nilssen, tlf. 74 02 27 81 trond.r.nilssen@hint.no

Stillinga er underlagt gjeldande lover, forskrifter og avtaler for tilsette i Staten.

Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Dersom du ynskjer å reservere deg frå oppføring på offentlig søkjarliste, må du grunngje dette. Du vil bli varsla dersom ynsket om reservasjon ikkje blir tatt til følgje.

Søknaden sender du elektronisk via lenka "søk stillinga". **I tillegg skal du sende papirversjon av søknaden** i lag med CV, stadfesta kopiar av vitnemål og attestar, liste over eventuelle publikasjonar og prosjektskisse. Dette sender du **i fire eksemplar** til:

Høgskolen i Nord-Trøndelag, Postboks 2501, 7729 Steinkjer

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: